

Oppgåve 1

- a) Diktet “Hold min hånd” av Andreas Bjerke handlar om kjærleik. For å vise dette skildrar forfattaren korleis det kjennast å halde handa til ein du er forelska i.
- b) Sitatet “Sola stige og stige i andletet ditt” frå diktet “Eg har så lyst” av Hanne Aga, betyr at eg-person ynskjer å sjå soloppgangen saman med du-personen på ein snødag. At sola “stige og stige”, indikerer at det er soloppgang (Aga, 2015). “Stige i andletet ditt” viser at eg-personen er saman med du-personen (Aga, 2015).
- c) I dikta “Hold min hånd” og “Eg har så lyst” er tema kjærleik. Eit døme på dette frå “Hold min hånd” er “Hold min hånd en liten stund! La meg bare stå og kjenne: Hun er til. Jeg er hos henne. Her på jorden finnes hun.” (Bjerke, 2015). Frå “Eg har så lyst” er dømet “Eg har så lyst å ta deg i handa” (Haga, 2015). I begge tekstane står ikkje det direkte at det er om kjærleik, men ein kan tolke det slik. Dikta har ulike verkemiddel som at “Hold min hånd” har enderim der verselinje ein og fire rimar, og to og tre. Diktet har og gjentakinga “hold min hånd ein liten stund” (Aga, 2015). I “Eg har så lyst” brukast verkemidla kontrast der snø og sol er kontrastar, og det er fri rytme i diktet. Likskapen mellom dikta er at dei har lyrisk eg og lyrisk du.

Kjelder:

Aga, H. (2015). «Eg har så lyst» i Ellen Wisløff (red.) Ren poesi. Cappelen Damm (Lasta ned 22.05.26)

Bjerke, A. (2015). «Hold min hånd». Samlede dikt. Aschehoug. (Lasta ned 22.05.26)

Oppgåve 2B

Ungdom i arbeid

Dei fleste vaksne klagar på at ungdom ikkje hjelper til, men er det egentleg slik? Skjolv om vi ungdommer ikkje tek oppvasken i heimen betyr ikkje det at vi ikkje kan bidra andre stader. Alt handlar om å ha den rette motivasjonen. Det er massevis av moglegheitar for ungdom til å bidra positivt i nærmiljøet, men kva skal til for å få opp engasjementet?

Tidlegare har den norske ungdom måtte arbeide på gårdene eller hjelpe til i heimen, men no sitt dykk berre å skroller på mobilen. Dette er noko eg har fått høyre fleire gonger. Så kva kan ungdom gjere for å motbevise slike vaksne? I nærmiljøet er det mange oppgåver ungdom kan hjelpe til med, og nokre få døme er å vere trenar for eit idrettslag, vere med på dugnad i nabolaget, vere ein del av elevrådet, eller bli ung-MOTivator på skulen. Det er mykje ein kan hjelpe til med, og mange av rollene vil gje ei positiv arbeidserfaring, som vil komme til nytte i framtida. Men det treng ikkje alltid å vere nokre ein skriv på CV-en. Det å hjelpe ein gamal nabo med å klippe graset eller å sitte barnevakt for nybakte foreldre er gode erfaringar som også vil bidra positivt i nærmiljøet. Skjov om desse rollene er tilgjengeleg, er det ikkje mange som tek dei. Men kvifor er det slik?

Eg vil tru at det er engasjementet som ikkje er heilt på plass. I ein travel kvardagskabal fylt med skule, leksar og fritidsaktivitetar er det ikkje ofte så mykje plass til anna arbeid. Dei fleste ungdom likar å bruke dei få timane dei ikkje brukar på skularbeid til å enten sjå på mobilen eller å spele med venar, og det er godt forståeleg. Men kva er det mobilen gir som positivt bidrag til nærmiljøet ikkje gjer? Jo, det er dopamin. Når hjernen frigjer dopamin blir det som eit belønningssystem som det er lett å bli avhengig av. Ifølgje SNL, er dopamin noko som “spiller en viktig rolle for oppmerksomhet, motivasjon og impuls kontroll.” (Hannås, B.M. og Weidle, B., 2026). Sidan mobilen frigjer dopamin som fører til merksemd og motivasjon, så vil ungdom som oftast velje den. Så kva kan ein gjere for å endre dette? Vi kan starta med å gjere desse rollene meir synlege, som å reklamere på sosiale medier der ungdom allereie er. Ein kan òg gje ut litt lønn for arbeidet, for pengar er noko det er vanskeleg å seie nei til, spesielt som ungdom. Det å vere i lag med andre ungdom kan også hjelpe med engasjementet, då det kanskje vil starte ein trend.

Mange ungdomar ynskjer å komme ut i arbeidslivet, men det er ikkje så lett å vete korleis? No er det vanskelegare enn nokon gong å komme inn i arbeidsmarknaden, særleg utan arbeidserfaring. Så kva kan ein gjere då? Eg vil anbefale å starte smått. Driv du med ein idrett kan det vere lurt å spørre om å bli trenar for eit yngre lag i klubben eller å dømme kampar. Dette gir god arbeidserfaring, og viser korleis ein tar ansvar. Ein treng ikkje berre å hjelpe dei yngre, ein kan og hjelpe til på sjukeheim i sommaren. Det er viktig å forstå at det ikkje berre er pengane som er viktig, erfaringen og menneska du møter på vegen vil ofte komme til større hjelp. Derfor syntest eg at ungdom bør bidra meir i ulike arenaer i nærmiljøet, for det hjelper både oss unge og dei rundt oss.

For å konkludere bør ungdom bidra i ulike arenaer i nærmiljøet, fordi dette vil hjelpe både oss unge og dei rundt. Ved å gjere små og store oppgåver, kan vi saman bidra til eit betre samfunn. Det handlar berre om å finne motivasjonen, ha engasjement og hoppe ut i det. Det er mange fordelar ved å begynne og bidra i samfunnet, som erfaring, opplevingar, menneske og kanskje ein liten pengesum. Så til alle ungdom rundt om i Norge, bidra i samfunnet. La oss motbevis dei vaksne. Og husk, det vil ikkje berre hjelpe deg, men òg dei rundt!

Kjeldar:

Hannås, B.M., Weidle, B. (2026) : ADHD i Store medisinske leksikon på snl.no.

<https://sml.snl.no/ADHD> (Lasta ned 22.05.26)

Oppgåve 3

Avisartikkelen “Unge føretrakkjer engelsk: –Det er fleire ord eg ikkje kan på norsk, basically” av Ole Johannes Ferkingstad tek opp temaa lånord og språkutvikling. Intervjuet med 24-åringa Ylva Øverland Sørli drøfter korleis det engelske språket blir ein større del av det norske. Sørli fortel til Moss Avis at ho brukar mange ord som “I guess og nice. Slaaay seier eg kanskje tretti gonger om dagen” (Ferkingstad, 2023).

Gjennom intervjuet brukar Sørli fleire engelske ord, og dette indikerer at ho blir sterkt påverka gjennom “books, TV-shows, movies og social media.” som ho skjølv seier (Ferkingstad, 2023). I likskap med Sørli blir mange barn og unge påverka av engelsk på dei digitale plattforma. Denne “englifiseringen” av det norske språket vil nok fortsette, og resultere i at språket vårt vil bli sterkare prega av engelsk. Allereie no snakkar mange unge 50/50 norsk og engelsk når dei kommuniserer med kvarandre. Men vil påverknaden av engelsk og påverke norsk litteratur, eller vil den forbli i den digitale verda? Sørli argumenterer for at språket allereie har endra seg mykje, og ho har rett i det. Språkreformane har endra språket mykje, men det har vore innad i det norske språket eller påverka av ein av dei skandinaviske. Er den neste språkreformen “englifisering”? Kjem det til å bli eit nytt forsøk på samnorsk, der bokmål blandes med engelsk framfor nynorsk som det vart prøvd på i 1938-reformen?

Mange unge kommuniserer med likaldrede frå andre land, og då er det helst på engelsk. Om det er å kommentere på ein TikTok-video eller å “voicechatte” på Fortnite er det på engelsk det skjer. Den digitale utviklinga gjer det slik at det er nødvendig med eit større ordforråd innanfor engelsk. Slik pregar den digitale utviklinga måten vi kommuniserer og brukar språket på. Anne Mette Sunde med doktorgrad i språkvitskap frå NTNU seier dette om utviklinga framover: “Språket vårt er fullt av innlånte ord og uttrykk som nice og oh my god, men ord som har ei atkjenneleg engelsk form, er absolutt det vanlegaste. Samstundes ser vi at vi byrjar å omsetje engelske ord og uttrykk til norsk, noko som fører til ei kamuflert form for engelskpåverknad” (Ferkingstad, 2023). Ho fortel vidare at “mange barn og unge lærar seg visse engelske ord og uttrykk i staden for dei norske” og dette samsvarer med kvifor Sørli har eit stort engelsk vokabulær (Ferkingstad, 2023).

For å konkludere kan vi sjå at “englifiseringa” er godt i gang. Språket utviklast i lag med den digitale utviklinga, og dette resulterer i at fleire unge brukar fleire engelske ord når dei

kommuniserer med kvarandre. Nødvendigheita for eit større ordforråd i engelsk, for å kunne forstå og henge med på den digitale utviklinga blir viktigare for kvar dag som går. Eg trur engelsk har kome for å bli, men kor stor plass den skal ta er det berre opp til oss å bestemma.

Kjelder: Ferkingstad, O.J. (2023): Unge foretrekker engelsk: Det er flere ord jeg ikke kan på norsk, basically. Moss avis.

<https://www.moss-avis.no/unge-foretrekker-engelsk-det-er-flere-ord-jeg-ikke-kan-pa-norsk-basically/s/5-67-1838240> (Lasta ned 22.05.26)